



FAU Skånevik skule  
Leiar Julie Røgelstad  
5593 SKÅNEVIK

Dato: 31.05.2018  
Vår ref.: 2014/19439-124  
Saksbehandlar: arnasan  
Dykkar ref.:

## Tannhelsetilbodet for skuleelevene i Skånevik

Eg viser til udatert brev frå deg.

Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune vedtok i mars 2017:

«Hordaland fylkeskommune vil oppretthalda ein tannklinikk i Etne kommune. Tannklinikken skal ha kapasitet til å gje eit godt tannhelsetilbod til alle prioriterte pasientgrupper i Etne kommune.»

Fylkesutvalet vedtok og i same møtet at Skånevik tannklinikk skulle leggest ned, men at fylkesrådmannen kunne selga tannlegeutstyret til private om det var interesse for det.

I samråd med dette vedtaket er det Etne tannklinikk som skal gje eit tannhelsetilbod til alle prioriterte pasientgrupper i Etne kommune. Dette inkluderer born og unge til og med 20 år. Fylkestannlegen har ingen planer om å kjøpe tannhelsetenester frå privat tannlege i området.

Fylkestannlegen vil og peika på at god tannhelse medfører at dei fleste born og unge blir nå innkalla til tannklinikken med 1,5 – 2 års mellomrom. Tannhelsetenesta prøver i tillegg alltid å tilrettelegga dag og tid for innkalling slik at det i minst mogleg grad går ut over fråver både for pasient og ev pårørande som må følge.

Arne Åsan  
fylkestannlege

Kopi:

Overtannlege Margareth Simonsen Råen, Stord tannklinikk

Klinikkleiar Anne Sigrid Totland, Husnes tannklinikk

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*